

## **Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon**

**Marianne Sæhle (SV)** sette på vegner av SV, A KrF, S, V og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheter for barn med innvandrarbakgrunn.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samråystes vedteke  
Sæhle sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.
6. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheter for barn med innvandrarbakgrunn.